



**Dennye optimismen i skulemusikken kom tydeleg til syne då dei var samla til første øving for sesongen tirsdag kveld. Med iver og entusiasme sytte musikarane for at det vart ei øving til 20 i stil. Og medlemstalet passerte og 20. Fornøgd var og dirigenten Tor Skeie Olsen som fortener hovudæra for den nye given.**

Samtlege musikantar frå fjorårssesongen er klar for ein ny sesong. I tillegg er og nokre som har hatt pause i spelinga, klar for ny innsats. Anine Enes var tilbake i horngruppa etter å ha hatt eit års pause medan familien budde i Spania, og eit anna tidlegare medlem var nedom og melde frå om at ho var klar til innsats frå neste øving.

Eit optimistisk styre har i tillegg godt håp om at endå nokre tidlegare medlemmer kan koma bak instrumentet att.

Korpsethar no mange unge musikarar i tillegg til at det dette året har 8 aspirantar. Dessutan er det og ei svært solid stamme av musikarar som går på ungdoms- og vidaregåande skule. Denne miksen lovar godt for utviklinga framover

Tekst og foto: Thor Inge Døssland